

DNT Ung med overnattingstur til Fjelly.

05.09.2017



Kanopadling på Mannsvatnet er ein av aktivitetane på Fjelly-turen.

På forsommaren vart det skipa ungdomsgruppe, DNT Ung, i Kvinnherad Turlag. Etter det har tida gått til kursing og planlegging av turar og aktivitetar. Alle turleiarar må nemleg gjennom omfattande kurs, og no har Magnus Eide fullført 7-dagars sommarturleiarkurs og er klar til å ta andre med seg på tur.



Styret i DNT Ung Kvinnherad med 4 uskedelingar og medlemmer frå heile kommunen.

Første overnattingsturen i DNT Ung Kvinnherad går til ungdomslagshytta Fjelly ved Mannsvatnet. Den føregår 22.-23.september. Dette er eit flott og kjekt tilbod for alle mellom 16 og 26 år som ønskjer å nyte hausten ute saman med andre ungdommar.

Etter oppmøte på Haugland går tuten opp skogavegen som vert brukt under Solfjell-løpet og vidare innover langs Mannsvatnet. Etter at dei er komne til hytta er det planlagt fleire aktivitetar, mellom anna fisking, roing, padling og grilling.

DNT Ung håpar på stor interesse og at mange vil vera med. Dei har sett påmeldingsfristen til 21.september, men sidan det er avgrensa med plasser, kan det vera lurt å vera rask så ein er sikker på å få vera med.

Pris: 50 kr for medlemmer i DNT, 150 kr for ikkje-medlemmer. Prisen er for å dekke frukost og hytteutgifter. Dersom nokon har spørsmål, kan dei kontakta Solveig Haugland (tlf: 47266929) eller Magnus Eide (tlf: 94821773).

De finn meir informasjon om turen og påmeldinga ved å klikka [HER](#). Der finn de også ein nydeleg biletserie frå Mannsvatnet og området rundt, fotografert av Veslemøy Haugland.

De kan og lesa meir om dette gode ungdomstilbodet [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: DNT Ung og Wermund Vetrhus